

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-223, FA-U01
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 08.05.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
020/23	Utval for næringsutvikling og drift	07.06.2023

**Søknad til Næringsfondet - Alver Hotel AS - Destinasjonlader/hurtiglader Alver Hotel
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet Destinasjonlader/hurtiglader Alver Hotel vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.06.2023:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

ND- 020/23 Vedtak:

Prosjektet Destinasjonlader/hurtiglader Alver Hotel vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn:

Alver Hotel AS er eit aksjeselskap. Bransje: 55.101 Drift av hotell, pensjonat og motell med restaurant. Registrert 19.02.1995. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Alver Hotel er det eldste hotellet i Alver kommune og har ei unik kulturhistorisk lokalisering i Alversund. Hotellet vart etablert i 1959 og har i dag totalt 16 årsverk.

Om prosjektet:

Alver Hotel ønskjer å tilby reisande moglegheit til å lade/hurtiglade ved hotellet. Tilbodet vil vere for alle reisande i regionen og vil vere eit supplement til hurtigladestasjonen i Knarvik. Alver Hotel ser eit behov for dette for turistar i regionen då dei ofte får spørsmål om kor mange og kvar det finns ladestasjonar i Alver kommune.

Prosjektleveranse/Målsetting

Ved å installere ladestasjon får turistar moglegheit til å lade og eventuelt nytte hotellet sine fasilitetar om ein skulle ønskje det.

Prosjektøkonomi:

Prosjektnamn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Destinasjonlader/hurtiglader Alver Hotel	1 000 000	500 000	0

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i Alver kommune.

Søknaden viser til at Alver Hotel ønskjer å installere ein ladestasjon for elbilar og gjeld støtte til denne aktiviteten slik at gjester og andre tilreisande kan lade ved hotellet og eventuelt nytte hotellet sine fasilitetar.

Vurdering:

Alver kommune ser positivt på at Alver Hotel ønskjer å installere ladestasjon ved hotellet, men vurderer ikkje ein slik installasjon til å vere eit utviklingsprosjekt. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden utanfor næringsfondet sine vilkår, jamfør vilkår 6.4, kor stønad skal nyttast til utviklingsprosjekt og ikkje til ordinær drifts- og vedlikehaldskostnad. Søknad om støtte til prosjekt Destinasjonlader/hurtiglader Alver Hotel vert avslått og vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet.

Vedlegg i saken:

31.05.2023 Alver Hotel søknad 01.05.23

1934547